

Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: **28.10.2019, kl. 09:00-11:55**
Møtestad: Førde sentralsjukehus, Førde

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Ivar Eriksen (frå kl 09:25)	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Audun Nedrebø	Observatør

Forfall

Tor Vidar Myklebust, medlem

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Øystein Helleseeth, økonomidirektør
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør
Any Therese Markhus, avdelingssjef
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Hans Jacob Westbye, overlege
Guro Mjanger, seksjonsleiar
Marit Solheim, forskingsleiar
Gro Rukan, konsulent

Sakliste

078/2019	Godkjenning av innkalling og dagsorden
079/2019	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 26.09.2019
080/2019	Administrerande direktør si orientering
081/2019	Rapportering frå verksemda per september 2019
082/2019	Risikostyring Helse Førde 2. tertial 2019
083/2019	Rapport frå internrevisjon – oppfølging av forskrift om leing og kvalitetsforbetring

Saker til orientering:

084/2019	Statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde
085/2019	Eventuelt Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, brukarrepresentant, administrasjonen, publikum og presse velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Overlege Hans Jacob Westbye orienterte om:

Planlegging av framtidig drift Liva bygget (nybygg somatikk)

Det har vore arbeidsgrupper for avdelingane:

- Operasjon, anestesi, oppvåkning og dagkirugi
- Intensiv
- Sterilsentral

Organisasjonsutvikling (OU):

Arbeidsgruppene har hatt god forankring i fagmiljøa. Tillitsvalde og verneteneste involverte. Informasjon til avdelingssjefmøter og klinikkråd.

Organisasjonsutvikling og byggprosjekt hadde følgjande mandat:

- Kvalitetssikre forprosjektet og synleggjer naudsynte tilpassingar i arealet for å optimalisere framtidig drift
- Identifisere overordna styringsmål eler fagleg utvikling som påverkar forprosjektet
- Gje innspel til kuttlista til Nye Førde sjukehus
- Optimalisere driftsmodellar og pasientforløp
- Framtidig organisering og leiarstruktur
- Identifisere avhengigheiter mot andre avdelingar/klinikkområde
- Vurdere planar for rokade og innflytting med omsyn til drift

Arbeidsgrupper OU og byggeprosjekt har jobba mykje saman.

Styret takka for ei interessant og god orientering.

078/2019 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden.

Styremedlem Myklebust hadde meldt forfall.

Program for dagen var:

Kl. 09:00-12:00	Styremøte
Kl. 12:00-12:30	Felles lunsj for styret og Brukarutvalet
Kl. 12:30-13:30	Fellesmøte mellom styret og Brukarutvalet
Kl. 13:45-15:45	Omvisning i prehospitalt bygg og orientering om prehospitala tenester i Helse Førde

Ordførarar ifrå kommunane var inviterte til omvisning i prehospitalt bygg.

Nestleiar Faugstad viste til førre møte og ønska ei løypemelding om prehospital plan til dagens møte.

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

079/2019 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 26.09.2019

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokoll frå styremøte 26.09.2019.

080/2019 Administrerande direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia orienteringa bilder frå innovasjonsprisen 2019 i Helse Vest som vart utdelt til Christian Moltu og kvalitetsprisen i Helse Førde som vart utdelt til Torgeir Finjord.

- 1. Rapportering tilsynssaker**
- 2. Oversikt aktuelle høyringar**
- 3. Saker til oppfølging etter styremøte**

Direktør Guldhav orienterte om status i høve prehospital plan.

- 4. Pasienthistorie frå Lærdal sjukehus**

Fagdirektør Vingsnes orienterte om ruptur hovudpulsåra, ei utviding av hovudpulsåra som sprekk. Ruptur gir voldsom indre bløding og raks sjokkutvikling, kan vere ein vanskeleg

diagnose. Opp til 50% dødelighet. Det er behov for rask diagnose og øyeblikkeleg kirurgi (pasient må til Haukeland universitetssjukehus)

Det er kontinuerleg læring av hendingane:

- Ein diagnose som krev hurtige avgjerder og teamarbeid, men som er sjeldan
- Rutinar og systematikk rundt prosedyre for MAT
- Øving, trening og repetisjon
- Gjennomgang av pasientforløp for læring, både etter uønska hendingar og når det går godt

Styret takka for god orientering om ei pasienthistorie, dette er kjelde til læring av hendingane. Vi må bygge ein forbetningskultur.

5. Nye Førde sjukehus - status

Prosjektdirektør Solhaug orienterte om månadsrapport for Nye Førde sjukehus

- Delprosjekt Dagabygget (nybygg phv)
- Anskaffing av entreprenør for dei kommande delprosjekta
- Planar for prosess ut 2019

Den totale kostnadmessige utfordringa for Nye Førde sjukehus er på 150 millionar og må løysast innanfor eit tiltaksvolum på rundt 900 millionar.

Korleis løyse kostnadmessig utfordring?

- Ostehevelprinsipp, eller er det mogeleg å tenkje alternativt?
- Bygging av nye sengeetasjar i Livabygget (nybygg somatikk), framfor å bygge nye einerom i dei tre øvste etasjane i eksisterande Svanabygg (hovudblokka), er eit alternativ vi vurderer
- Alternativet kan vere ein måte der vi både løyser den arealmessige og den kostnadmessige utfordringa som vi har
- Innleiande kostnadvurderingar syner at løysinga kan vere mogeleg
- Vi må søkje å få oversyn til styremøtet i januar 2020.

Alternativ med frittliggande sengebygg var vurdert i 2017, med føresetnadene var annleis den gongen.

Styret kommenterte at ein må planlegge innan dei rammene som er vedtatt.

Styret gav si tilslutning til å jobbe vidare med dette.

Adm. direktør Varden orienterte om idedugnad Nye Førde sjukehus som er planlagt til 1. november, for å optimalisere prosessane. Vi jobbar heile tida med å optimalisere prosjektet. Ramma, tidsramma og prosjekta ligg fast.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingane til orientering.

081/2019

Rapportering frå verksemda per september 2019

Oppsummering:

Adm. direktør Varden innleia rapporteringa med si vurdering.

- Innanfor fag og kvalitet har føretaket enkelte område der utviklinga ikkje er god nok, dvs. fristbrot og ventetid for poliklinisk utgreiing og behandling for einssilde fagområde
- Trass i at ventetida samla sett er redusert i haust, har vi ikkje greidd å redusere talet fristbrot i vesentleg grad i september
- Triage og start av antibiotikabehandling innan ein time ved sepsis i akuttmottak viser stabilt gode resultat
- Trygg pleie-tiltaka viset ei gradvis utvikling i rett retning
- Resultatet var eit overskot på 3,3 millionar kroner i september, som er 0,3 millionar betre enn budsjett
- Aktiviteten i september var lågare enn budsjett for alle klinikkane, og spesielt innanfor døgnbehandling
- Personalkostnader har eit meirforbruk på med 2,8 millionar
- Adm. direktør vurderer det slik at resultatkravet på 36 millionar er råd å nå
- Sjukefråværet som er på 6% har ikkje endra seg vesentleg frå juli
- Det er ikkje registrert noko særskild auke knytt til HMs – hendingar eller tilsettskadar

«Den gylne regel» har risikostyringsmålet frå Helse Vest:

Den gylne regel må innfriast. Det er høgare vekst i kvart einssild føretak innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn innan somatikk.
--

Status etter åtte månader viser høgare vekst i kostnader og aktivitet innan somatikk, og biletet er forsterka etter september.

Fagdirektør Vingsnes orienterte om: Kvalitet og pasienttryggleik

- Synergi – melde saker fordelt på sakstypar
- Synergi – med og utan konsekvens
- Synergi – pasientrelaterte saker
- Trygg pleie – fall, viser gjennomsnitt for Helse Førde er 73%
- Trygg pleie – trykksår, viser 69,2%
- Trygg pleie ernæring, viser 58,9%
- Utvikling gjennomsnittleg ventetid viser bra utvikling
- Utvikling nye fristbrot kvar månad, viser reelt tal 30 nye fristbrot i september etter gjennomgang i DIPS
- Utskrivingsklare pasientar er stabilt lågt og viser 6 døgn i august

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

Resultatet i perioden er eit overskot på 3,3 millionar kroner, som er 0,3 millionar betre enn budsjett. Aktiviteten var lågare enn budsjett i perioden. Det var eit mindreforbruk til kjøp av helsetenester og varekostnader, medan det var eit meirforbruk på personalkostnader og andre driftskostnader.

Sjukefråværet i august var 6,0%, som viser 0,8 prosentpoeng høgare enn sama månad i fjor, og 0,1 prosentpoeng høgare enn førre månad.

Brutto månadsverk i september var 2273 (73 fleire enn for same periode i 2018) og netto månadsverk var 2113 (77 fleire månadsverk enn for same periode i 2018).

Det er kontinuerlege fokus på månadsverk og personalkostnader.

Per september var meirforbruk til personalkostnader på 20,3 millionar. Årsaker til meirforbruket er samansett.

Adm. direktør Varden orienterte om at meirforbruk på personalkostnader har høgt fokus i organisasjonen. Utviklinga vert gjennomgått i økonomiforum og klinikkråda.

Styret takk for grundig og informativ rapportering.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per september 2019 til vitende.

082/2019 Risikostyring Helse Førde 2. tertial 2019

Oppsummering:

Risikostyringsmål for Helse Førde 2019

- 1 Talet på skader som kan unngåast i helsetenesta i Helse Vest er halvert innan 2019
- 2 Ventetider for diagnostikk og behandling i Helse Vest er redusert i 2019 (samanlikna med 2018). Ventetider for diagnostikk og behandling i Helse Vest innan somatikk er redusert til 50 dagar innan 2021.
- 3 HMS er ein sjølvstøtt del av arbeidsdagen
- 4 Den gylne regel må innfriast. Det er høgare vekst i kvart einskild føretak innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn innan somatikk
- 5 Utbyggingsprosjekt skal gjennomførast i samsvar med dei føresetnader som ligg til grunn for vedtak om gjennomføring av investeringa
- 6 Innleggingar og fysiske konsultasjonar skal unngåast, dersom tenesta kan ytast virtuelt med like godt eller betre resultat
- 7 Fråvær og oppgåver er godt planlagde slik at pasientar og tilsette opplever føreseielege tenester og drift

Rapporteringa syner moderat risiko på dei fleste risikoelementa etter første tertial. Det verkar klart at føretaket ikkje innfrir den gylne regel når det gjeld utvikling i kostnader og aktivitet. Resultata innan trygg pleie (1-3) viser klar betring i høve august, sjølv om målet enno ikkje er nådd. Samla resultat for pakkeforløp kreft er litt fallande i høve til tidlegare. Målet om null fristbrot er ikkje mogleg å nå i 2019.

Adm. direktør Varden orienterte om rapportering av styringsmåla.

Styret kommenterte at vi ikkje leverer på gylne regel.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering på risikostyring i Helse Førde 2. tertial 2019 til vitende.

083/2019 Rapport frå internrevisjon – oppfølging av forskrift om leiing og kvalitetsforbetring

Oppsummering:

Internrevisjonen i Helse Vest har undersøkt i korleis føretaka i Helse Vest har følgd opp «Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta». Revisjonen syner at forskrifta har ført til endringar, men at det på fleire område framleis er forbetringspotensiale.

Revisjonen tilrår følgjande:

- *«Leiinga sin gjennomgang» bør bli fast praksis i alle føretak, også Helse Vest RHF.*
- *Resultata frå risikovurderingar bør bli samla hjå føretaka slik at ein får et totalbilde av risiko innan dei einskilde føretak. I totalbiletet bør oppfølginga av risiko gå fram.*
- *Det bør bli etablert prosessar som syter for at analysar av hendingar og forbetringstiltak kan bli delte på tvers av føretaka i Helse Vest.*

Helse Førde har utarbeidd ein handlingsplan for å svare ut revisjonen sine tilrådingar.

Adm. direktør Varden orienterte om rapport frå internrevisjonen. «Leiinga sin gjennomgang» var gjennomført i juni.

Styret ber om at adm. direktør orienterer om «Leiinga sin gjennomgang» på eit seinare styremøte.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tek revisjonens rapport om oppfølging av forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta til vitende.
2. Styret sluttar seg til handlingsplanen slik den ligg føre.

Saker til orientering:

084/2019 Statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde

Oppsummering:

Saka omhandlar halvårleg rapport om forskings –og innovasjonsaktiviteten i Helse Førde, og halvårsrapport er vedlagt.

Forskning er ei av kjerneoppgåvene til Helse Førde, og eit sentralt satsingsområde for føretaket. Det er starta ei opptrapping av ressursbruken knytt til forskning i 2019, som er planlagt å halde fram i åra framover.

Også på innovasjonsfeltet aukar vi aktiviteten, og har i år for første gong lyst ut interne innovasjonsmidlar. Eit nytt tiltak er traineestilling knytt til innovasjon og tenesteutvikling gjennom traineordninga til Framtidsfylket

Utviklingsdirektør Kleiven innleia om den halvårlege rapporteringa.

Forskingsleiar Solheim orienterte om forskning og forskingsformidling

- *Legemiddelstudiar*
- *Status forskningssøkander 2019*
- *NORSE-prosjektet, oppfølging av fedmeopererte*
- *Framgangsmåte for forskning i Helse Førde*
- *eProtokoll*
- *Opptrapping 2019 og framover*

Konsulent Rukan orienterte om innovasjon, og viste til utviklingsplan Helse Førde 2018-2035

- *Kulturbygging*
- *Design thinking – kurs for tilsette*
- *Tre søknader frå Helse Førde til Helse Vest innovasjonsmidlar 2020*
- *Trainee Framtidsfylket*
- *Innovasjonskonferanse 31. oktober*

Styret kommenterte at det er gledeleg at forskings -og innovasjonsaktiviteten i føretaket aukar og stilte spørsmål om i kva grad Helse Førde har medverka ved revisjon av den regionale forskingsstrategien.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør sin statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde til orientering.

085/2019 Eventuelt

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og melding var sendt ut til styret:

- Referat frå møte i Brukarutvalet 04.09.2019

Følgjande skriv og melding vart lagt på bordet i møte:

- Månadsrapport september 2019 – Nye Førde sjukehus

Ref. Berit Irene Haarklau

Agnes Landstad
Styreleiar

Anne Sissel Faugstad
Nestleiar

Aud Ingrid Espeland

Reidar Sandal

Ole Gunnar Krakhellen

Tor Vidar Myklebust
(sett)

Ivar Eriksen

Arthur Norevik

Randi Aven

Ole-Magnus Kapstad

Lena Thorsnes